

# Sunnhordland Kraftlag AS - Halvårsrapport 2022

## *Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)*

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon av vasskraft. Konsernet sine anlegg ligg hovudsakleg i Hordaland i Vestland, og Rogaland. Gjennomsnittleg kraftproduksjon i stasjonane er 2,3 TWh. Selskapet produserer dessutan kraft i Sauda gjennom ein eigardel på 15 % i Saudefaldene AS. Konsernet satsar også på småkraft, for det meste i eigne datterselskap og tilknytt selskap.

### *Resultat pr 30.06.2022*

I slutten av februar vart kraftmarknaden snudd på hovudet. Russland gjekk til åtak på Ukraina, og Europa sine leveransar av gass vert kraftig forminska. Det løfta energiprisane til nivå langt over det me tidlegare har sett. Dette, saman med lågare magasin enn vanlig isør i landet, slår direkte ut i den norske kraftmarknaden i Sør-Noreg, som er tett kopla til Europa. Det betyr at Sør – Noreg i store periodar har hatt kraftprisar som ikkje er på berekraftig nivå, og som gjer at aktørar i person- og bedriftsmarknaden er belasta med mykje høgare prisar enn det ein har vert van med.

Første halvår 2022 har vært eit unormalt, men godt år for SKL. Vinteren starta med god magasinstand og kraftprisar som hadde løfta seg gjennom hausten 2021. For SKL var vinteren våt, med mykje nedbør og høg produksjon.

Vidare gjennom våren og sommaren har me sett at den norske kraftmarknaden har vorte delt: gjennom tørke og risiko for rasjonering i sør-aust, samtidig som magasina i nord flaumar over. Europa har våren og sommaren vært prega av gassleveransar frå Russland som stoppar opp, samtidig som hetebølgjer driv opp energibehovet for kjøling. Samla sett har dette lagt ytterlegare press på auka kraftpris.

For SKL, som sel all krafta til løpende marknadspris, gjev dette eit stort løft i resultatet for første halvår. Det enda på 748,4 mill.kr etter skatt, mot 152,4 mill.kr i tilsvarende periode i 2021. Driftsresultatet vart totalt positivt med 1 686,6 mill. kroner mot 374,9 mill. kroner i 2021.

Totale driftskostnadene utgjer 319,9 mill. kroner, mot 254,1 mill. kroner for tilsvarende periode i 2021. Lønn og andre driftskostnadene utgjorde 66,3 mill. kroner mot 58,5 mill. kroner for same periode i 2021. Auken skuldast ein kombinasjon av fleire kraftstasjonar i drift, auke i forsikringskostnadene, auke i energikostnadene og generell kostnadsauke.

Finanspostar gir netto positivt bidrag til resultatet med 18,3 mill. kroner mot negativ 9,8 mill. kroner i 2021. Forbetringa skuldast lågare lån, større likviditetsbehaldning, betre resultat frå tilknytt selskap, samt gevinstar på realiserte sikringar.

Eigenkapitalen var 3490,1 mill. kroner pr 30.06.2022 av ein totalkapital på 5 356,7 mill. kroner. Eigenkapitalandelen var 65,2%, mot 62,3% på tilsvarende tidspunkt i 2021. Total renteberande gjeld utgjorde 621,7 mill. kroner mot 1 230,2 mill. kroner på tilsvarende tidspunkt i 2021.

Netto likviditetsendring frå drifta første halvår utgjer 854,4 mill. kroner etter betalt skatt på 830,5 mill. kroner. Netto investering i driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar utgjer 90,5 mill. kroner. Reduksjon i renteberande gjeld utgjer 297 mill. kroner. Det er utbetalt utbytte til eigarane med 422 mill. kroner.

Kontantar og bankinnskot utgjorde 1 174 mill. kroner pr. 30.06.2022, inkludert fordring inneståande konsernkonto.

## *Kraftproduksjon*

Den faktiske produksjonen første halvår 2022 var totalt 1060 GWh i SKL AS sine anlegg, mot 1030 GWh i tilsvarende periode i 2021.

Selskapet sin del av produksjon i heil- eller deleigde småkraftselskap utgjorde 75,2 GWh i første halvår 2022 mot 34,6 GWh i 2021. Samanlikna med 2021 er tre nye småkraftverk kome i produksjon (Risvollelva, Jarlshaug og Håfoss).

Gjennomsnittleg områdepris i NO2 i første halvår 2022 vart 162,8 øre/kWh, medan for tilsvarende periode i 2021 var han 48,1 øre/kWh. Den høgaste månadlege gjennomsnittsprisen i første halvår 2022 var 187,0 øre/kWh i mars månad, medan februar vart lågast i perioden med 120,5 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert sold til spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i perioden vart 165,3 øre/kWh eksklusiv systemtenester, og 167,2 øre/kWh når ein inkluderer inntekter frå frekvensstøtte i primær- og tertiærmarknadene.

## *Investering i driftsmidlar og finansielle anlegg*

Det er gjort ny- og reinvesteringar for 90,5 mill. kroner i konsernet, inkludert investering i andre selskap med 16 mill. kroner.

31,6 mill. kroner av investeringane er nytta til bygging av nye Løkjelsvatn Kraftverk i Litledalen, Etne. Arbeida i fjellet starta ved nyttår 2019. Arbeid med tunnelar og bergrom er ferdig, mens betongarbeid og installasjonar i kraftstasjonen går føre seg. Det er venta å setja anlegget i drift tidleg i 2023. Kraftverket kjem til å gje netto ny produksjon på 20 GWh, og erstattar produksjonen i to eksisterande kraftverk.

Det er investert 27,9 mill. kroner til ferdigstilling av tre småkraftverk som er sett i drift i løpet av første halvår: Risvollsælv Kraftverk i Sauda (20 GWh), Jarlshaug Kraftverk i Samnanger (7 GWh) og Håfoss Kraftverk ved Rullestad (33 GWh). I tillegg er det investert 2,3 mill. kroner i Einungstølsåna Kraftverk i Valldalen (9 GWh) som er venta sett i drift hausten 2022.

Resterande investeringar gjeld hovudsakleg mindre revisjonar av eksisterande kraftverk.

## *Helse, miljø og sikkerheit*

Konsernet hadde ein H1-verdi på 10,6 pr. juni 2022, mot 12,5 pr. juni 2021. Sjukefråværet i konsernet var på 2,5% første halvår 2022, mot 7,0% i same periode i 2021.